

KONTAKTBLAD FOR  
Nr. 4 Febr. 1992 3.

HJARTDAL

# HISTORIELAG

Dette er ny utgave av bladet Juni 1993

*Medlemsbladet denne gongen er ei ny utgave av eit hefte som er blitt utdelt til deltakarane når Hjartdal Historielag har arrangert historiske rusleturar langs dei gamle Tuddalsvegane i Sauland. (Noko av stoffet i bladet er laga ved Hjartdal barne- og ungdomsskule, der dei ofte bruker same ruta til klasseturar).*

*Turen kan kven som helst ta på eiga hand dersom dette bladet gjev interesse.*

*Vi har også vore inne på tanken om å arrangere liknande turar andre stader i bygdene. For*



## INNHALD:

**Kart s.2**

**Rusletur s.3**

**Bjørgulf Bøe s.6**

**Målstrid i Bøegrenda s.8**


**Mons Landsverk s.9**

**Den gamle postmannen s.9**

**Andre historiske punkt s.11**

**Folketeljing 1865 s.12**

*eksempel kan det vere ein aktuell tur å gå opp frå Øygarden, forbi alle dei nedlagte plassane oppover lia, og kanskje komme så langt som til Golidgruva oppunder Himingen. Den gamle Prestevegen mellom Hjartdal og Tuddal er rydda og merka i 1991. Langs denne kunne det arrangerast ein skikkeleg lang dagstur. Vi treng i tilfelle hjelp av lokalkjende folk for å kunne laga istand liknande opplysningshefte, med kart, til desse turane.*



Kartet er laga på grunnlag av Økonomisk kartverk.

Desse namna er plassert bare tilnærma rett: Flekkerøyen, Dokka, Bakken, Sjukebakke, Jonskås

# RUSLETUR LANGS GAMLE TUDDALSVEGAR

Nå skal vi rusle ein tur og tenke oss attende til tidlegare tider. Vi skal gå frå Sauland kyrkje og oppover, forbi skulen, Kleppen og oppover gjennom Bøegrenda. Vi skal opp den gamle Tuddalsvegen forbi Bekkhus og vidare bak Kleppefjell. Der kan vi finne ein enda eldre Tuddalsveg, og gå denne nedatt. Eller vi kan gå vidare oppover til vi treffer på den nye Tuddalsvegen ved Dalen og Stavåsen på toppen av Langebrekkun. Har vi tid, kan vi gå ned Langbrekkun, forbi Hyttun og opp til (Sælebots-)Moengrenda og snu først ved grensa til Tuddal. Dette blir blir nok i meste laget på ein dag, dersom ein ikkje har skys nedatt.

Nå bur det ikkje folk mellom Bekkhus i Sauland og Kaffi-haugen i Moengrenda på grensa til Tuddal. Men om vi tek for oss folketeljingslista frå 1865 (sjå s.14), så ser vi at da var det mange fastbuande på mange husmannsplassar oppover i dette området. Ser vi derimot på folketeljingane frå 1801, så finn vi ikkje mange av desse plassane. Dermed veit vi omlag når plassane blei rydda og bygd.

Om vi i 1865-lista ser på skilnaden mellom storgarden Kleppen og dei små hus-mannsplassane, ser vi at det må ha vore stor skilnad på folks levekår i dei tidene. Men vi kan tenke oss at folk i den tida var avhengige av kvarandre for at livet i bygda skulle fungere, sjølv om det kunne vere ei urettferdig fordeling av gods og gull.

Vi skal altså ikkje på nokon tur der vi ser store berømte historiske minnesmerke. Vi skal derimot gå gjennom kvardagshistoria i eit område som er typisk for store delar av landet vårt.

Vi startar ved kyrkja, og vi ser først "nordover" (eigentleg vestover). Eit par hundre meter frå kyrkja er ein fin gammal gardsbygning i sveitserstil. Dette er "Skrivargården". Namnet på garden er Mosebø. Her heldt sorensskrivaren i Øvre Telemark til, frå 1858 til ca 1920.

Like ved kyrkja ligg "Prestegarden". Eigentleg er det denne garden som har namnet Sauland, og han har gjeve namn til bygda. Sjølv om den ærverdige gamle hovud-bygningen blei reven i slutten av 1960-åra, skjønar vi at dette må ha vore eit sentrum i bygda saman med kyrkja. Området her rundt Sauland Kyrkje var i det heile eit viktig sentrum i Aust-Telemark i fleire hundre år og særleg på 1800-talet. Her var mykje land-handel, mellom anna heldt den kjende kjøpmann Holst til på Mosebø i mange år. Her var også skysstasjonar og gjestgjevarstadar med skjenkestover. Til og med militærforlegning var det her på 17-1800-talet. I 1810 blei Det Hierdalske Compagnie danna. Alt dette gjorde at Sauland hadde mykje kontakt med verda utanfor og ikkje var så avsides som ein skulle tru.

Ovanfor alt dette ligg altså

"Lensmannsgarden" Kleppen med utsyn over store delar av bygda.

Nede på sletta (der rørleggar-forretninga er nå), var det til og med litt industri. Kleppen hadde i lang tid eit teglverk som produserte takstein o.l. Dei henta leire omlag der den vesle skibakken er nå.

Vi går opp Bøebrekka som er ein del av den gamle Tuddalsvegen, og vi ser dei fire Bøe-gardane som er av dei mellomstore i bygda. Namn og plassering tyder på at dei er av dei eldste i Sauland. Boligfeltet ligg der det før var ein stor grusmo. Denne var i mange år eit grustak.

I tidlegare tider låg den gamle Øvstebøgarden på denne moen. Der gjekk også den gamle ålmannvegen. Det var rettarstad der også. Segnene om Bjørgulf Bøe og Mons Landsverk (Øvstebø), er knytt til denne staden. Elles blei her funne oldsaker frå Merovingertid og Vikingtid da dei tok til å ta ut grus der etter siste krig.

Når vi kjem til det nåværande Øvstebø, tek vi til venstre og inn på den gamle Tuddals-vegen. Vi ser snart Bekkhus høgt oppe i lia. Bekkhus blei truleg utskilt frå Øvstebø på 1800-talet.

Men elles ligg nedlagte husmannsplassar på rekke og rad oppover. Den første er Kasin som hørte til Øvstebø. Der er det nytt hus og nye eigarar idag. Men lenger opp er det slutt på all busetnad langs veggen.

Husmannsplassen Åsen, som låg omlag rett over veggen frå Kasin, er heilt borte. Plassen høyrer idag til Mellom-Bøe. Det gjer også plassen Maure-brekke

som ligg på venstre sida av veggen litt lenger opp. Der kan vi framleis sjå hus.

Så snor veggen seg oppover Bekkhusberga og inn bak Kleppefjell og inn på skuggesida. Slik blei mange husmannsplassar liggande.

Før vi kjem til fleire plassar, må vi beundre veganlegget som er frå omlag midten av 1800-talet. Mykje hardt hand og hestearbeid ligg bak dei steinmurane som ber veggen på vanskelege stader. Denne steinen og stein til anlegg andre stader blei broten her i Bekkhusberga.

Etter eit par kilometer til, kan det passe å ta ei god pause. Vi er på "Klingberghaugen" (eller Kringleberghaugen?)

Her ser vi først ein nokså ny støypt grunnmur. Der har det stått eit hus som var anleggsbrakke under anlegget av den nyaste Tuddalsvegen, ca 1950. Huset er nå flytta til Heddal og er ein bustad i bruk.

På berget like ved finn vi eit skikkeleg historisk minne. Vi kan tydeleg sjå årstal og gamle bokstavar rissa ned i berget. Det er ikkje så vanskeleg å sjå kva det står. Det er gotiske førebokstavar med årstal heilt attende til syttenhundretalet.

Skrivarberget har berget blitt kalla. Truleg har folk sitte her og kvilt både seg sjølv og eventuelle hestar på dei druge ferdene til og frå Tuddal.

Eit stykke oppe i åsen ligg to nedlagte husmannsplassar, Flekkerøyénn og Dokkja. Desse høyrer under Kleppen. Elles ligg det fleire slike plassar vidare oppover langs veggen.

Den eldste Tuddalsvegen kjem inn her og vi må gjere valget: Skal vi følge den gamle Tuddalsvegen vidare oppover, eller skal vi gå til høgre og følge den eldste Tuddalsvegen nedatt til Maurebrekke?

I dag er det mest aktuelt å gå nedatt den eldste Tuddalsvegen. Denne kjem ned frå Tuddal og tar retning mot Ålamoen og Gransherad istadenfor å svinge nedanom Sauland sentrum. Det er vanskeleg å tidfeste han nøyaktig, men han var nok i bruk mykje av 1800-talet. Olav.T.Mosebø (f. 1845), var med på anlegg på den gamle Tuddalsvegen i sin ungdom. (Vegen Øvstebø-Bekkehus-Kringleberghaugen?- Dalen.)

Vi går altså den eldste vegen nedover i austleg retning og vi ser etterkvart tydeleg at dette er eit gammalt og solid veganlegg. Mykje av vegen er mura opp, og ei gammal stikkrenne ligg i like god stand som da ho blei bygd. Bredda på vegen er ca 2 m. Truleg var det ein offentleg vegstandarad på 3-4 alen, brei nok til hesteskys, men ikkje slik at to kunne passere einannan. Særleg ligg vegen fint og synleg over svaberga like nedanfor Klingberghaugen (Kringleberghaugen).


Det er greitt å finne vegen ned til Mjaugedalsjuvet. Her ser det ut til å ha vore bru over. Det er naturlege brukar, ikkje spor etter murar. Men om vi passerer juvet, ser vi det er slutt på vegen. Det er ikkje spor å sjå på andre sida.

Om ein følger vegen som tek meir sørover, og over Mjaugedal omlag 50 meter ovanfor, er det derimot greitt å finne ein veg vidare ned til Maure-

brekke. Akkurat korleis vegen låg forbi Maurebrekke og Åsen, er det vanskeleg å seie. Men han gjekk tydelegvis ein stad nederst i Åsenjordet, for vi finn att ei tydeleg vegbraut i skogen ovanfor Øvstebø, mellom Åsen og huset til Grue Carlsen. Her har vegen gått stort sett rett fram til bakkekammen, gjennom det nye Øvstebøfeltet, over den nye Tuddalsvegen, bratt på skrå ned i Slåkja, og til brua over Skogsåa. Her gjekk det bru over Skogså i gamle dagar også. Plassen ovanfor, på Skojesida, heiter Brubakken og er nedlagt for lenge sidan.

Frå brua snor vegen seg opp på andre sida til Brubakken. Derifrå har han gått opp på Ålamoen og vidare til Gransherad. Korleis han gjekk frå Brubakken og opp på moen er ikkje godt åseie.

Nå fist det visstnok ein enda eldre veg til Tuddal. Det var ein gang/ride- eller kløvveg. Han gjekk opp frå Klingberghaugen og fylgjer fjellhøgdena innover. Truleg var dette drifteveg til setrene.



# BJØRGULF BØE

*Frå M.B.Landstads "Gamle Sagn om Hjartdølerne"*

*(Til nynorsk ved L.S.)*

Bjørgulf heitte ein mann som budde på garden Bøe i Sauland. Han hadde utført så mange manndrap at han hadde betalt alt han eigde i bøter, både gard og gods, unntatt to hestar som han kalla Mikkel og Stikkel. Desse ville han på ingen måte miste. Før det ville han lata livet. Eg ville ikkje ha noko moro da, sa han. Dei har vore med meg i så mang ein strid, så det er ikkje meir enn dei fortener at eg følger dei til det siste. Dessutan er det ikkje den hest i bygda som kan stå seg mot Mikkel og Stikkel i "gamaleik".

Sjølv om det hadde gått så langt med Bjørgulf, så sparde han seg enda ikkje for å slåss. Han for fram som han pla, og kom enda ein gong i mannskade. Da blei kongens fogd sendt opp frå Skien for å dømme Bjørgulf av med livet etter "Mannhelgebalken".

Bjørgulf tenkte da at det fekk gå som det kunne, men han ba om at han måtte få halde ein leik med Mikkel og Stikkel før dei tok han av dage. Og det fekk han lov til. Han tok da ein tømmerstokk, spente ein hest for kvar ende og stilde seg sjølv midt på stokken. Så slo han på hestane medan han ropa og skreik: "Drag Mikkel, tak att Stikkel, fort Mikkel, fram Stikkel !" Og slik heldt han på det beste han kunne. Hestane sparka og spente i så at sand og stein fauk om øyrene på både skri-

var og fut. Snart vann den eine og så den andre av hestane, og heile tingalmugen stod omkring og lo og hadde stor moro av dette. Til sist måtte øvrigheta be han halde opp. Alle systet det ville vere dei til stor skam å la drepe den mannen som hadde gjeve dei slik moro. Fogden sa: "Anten er Bjørgulf galen, eller så er han klokare enn dei fleste". Så gav han Bjørgulf det vilkår, at han skulle få behalde livet dersom han kunne få drepe nokre illgjerningsmenn som heldt til i fjella der omkring. Desse gjorde stor ugagn og skade både for folk og fe. Bjørgulf meinte at han skulle nok vere mann for det når han berre fekk behalde hestane sine. Det gav dei han lov til.

Han sadla straks opp og la ei kløv med noko koparskrap og matvarer på den eine hesten, og sette seg sjølv på den andre. Slik oppsøkte han illgjerningsmennene. Han gav seg til å tale med dei og fortalde at nå var han fredlaus og hadde ikkje anna enn seg sjølv og hestane sine. "Difor er det ønsket mitt nå", sa han, "å bli hos dykk og slutte brorskap, om de vil. Og de vil nok finne det rimeleg, for slik ein mann som de kjenner til at eg er, vil kunne gjere dykk mange tenester". Slik blei det. Illgjerningsmennene tok imot han, og han blei hos dei ei stund.

Ein dag sa Bjørgulf: "Det som eg saknar mest er alt det gode ølet mitt som ligg i kjellaren. Om de blir med, så skal vi prøve å drikke det opp, og sjå om det kan vere noko meir på Bøe som vi kunne ha nytte av. Men vi må fare

forsiktig fram, og utanom nattestider kan det ikkje skje. Nå kan de behalde hestane mine, så skal eg gå i førevegen og sjå om det er kommandes for oss. Så kan de komme etter når det lir ut på kvelden. Dette syntes illgjerningsmennene at var vel talt, og dei samtykte i at Bjørgulf skulle gå til Bøe og stelle til eit drikkelag for dei.

Da Bjørgulf kom fram, tok han til å beslå det store bordet i stova med kvasse jarnpiggjar på den sida som vende mot langveggen - og på undersida. Deretter tappa han opp øl, fylde ein stor koparkjele, og hengde den over elden.

Da kameratane hans kom, benka han dei til bords og passa på at dei kom til å sitte ved den indre langsida av bordet. Deretter låste han døra og sa at det var for at ikkje ubedne gjester skulle komme til laget. Berre Bjørgulf var inne og to av småsveinane hans som skulle stå til teneste under drikkelaget.


Da dei var komne til bords sa Bjørgulf:

"Nå skal varmskåla gå, sidan vil vi drikke venneskål og broderskål".

Så auste sveinane opp det heite skummande ølet som dei bar omkring og gav gjestene å drikke. Illgjerningsmennene tok godt til seg og tykte at dei ikkje på lenge hadde kjent så godt drikke som den som vanka hos Bjørgulf Bøe.

Da dei så blei drukne, tok Bjørgulf og sveinane hans tak i det lange furubordet og støytt det hardt mot veggen, slik at røvarane blei sittande fast med halsen mellom veggen og bordet. Da dei spente og sparka frå seg, dreiv bordfoten bort, og bordskiva fall med dei kvasse jarnpiggane sine over dei. Da tok Bjørgulf øksa si, steig opp på bordet og hogg hovudet av dei alle saman.

Slik løyste han livet sitt, men hadde nå forutan å vere drapsmann også blitt forrædar.



# MÅLSTRID I BØE-GRENDA PÅ 1400-TALET

Den mest dramatiske hendinga i historia om norsk språkstrid skjedde på Bøe i Sauland i 1489. Kjelda til dette er eit gammalt rettsdokument (Diplomatarium Norvegicum 1, brev nr.961). Rett nok var det bare snakk om eit fylleslagsmål som enda med drap, men bakgrunnen for drapet er interessant nok om ein samanliknar med den oppheita debatten vi ofte har om språket idag.

1400-talet var ei kulturell tilbakeslagstid for Noreg. Landet var nærmast ein koloni under Danmark. Eit stort problem var at dei fleste skriveføre og språkleg kompetente menn, som prestar og munkar, hadde bukka under i svartedauden 1349. Med dette hadde det gammalnorske (norrøne) språket gått i oppløysing, og vi hadde fått eit svært usikkert overgangsmål som vi i språkhistoria kallar mellømnorsk. (Seinare, på 15-1600-talet, kom så dansken til å overta for alvor).

Likevel var det ikkje berre dansk språk som påverka norsk på 1400-talet, men

også tysk. Det var dei nordtyske såkalla hanseatiske handelsmennene som hadde den økonomiske makta i store delar av Noreg, og dette førde med seg stor kulturell påverknad også frå tysk. Ein kan samanlikne det med vår tids påverknad frå USA, særleg når det gjeld språket.

Det som skjer i følge dokumentet, er at på Bøe, som kanskje er gjestgjevarstad, så kjem to reisande? - Lidvord Aslakson og Arne Tolleifson - i prat over eit staup med sterk drikke. Lidvord vil vere storkar og skålar på dårleg tysk: "Got synth jw". (Gud vere med deg) Arne blir sterkt provosert av dette utanlandske innslaget, og han seier: "Eg kan ikkje noko med dette skravlet... la oss tale vårt farsmål og morsmål. Vi blir ikkje gjævare enn dei har vore. Vi kan ikkje noko med dette målet vi osteetarar (bønder) La oss ikkje snakke slik at vi snakkar av oss halsbeinet..."

Med dette er ein alvorleg krangel i gang. Det endar med knivslagsmål, begge blir skadd, og Arne får to hogg i hovudet og døy.





# MONS LANDSVERK (ØVSTEBØ)

Mons (Mogens Jonsen) budde på Landsverk og Øvstebø på 1600-talet. Mons var ein kjempekar. Det var ingen som torde å gje seg i kast med han. Derfor meinte han at han kunne fare fram som han ville ustraffa. Dessutan var han ein rik og mektig mann, men han hadde ikkje lyst til arbeid. Han satt gjerne inne og arbeidde med skinn eller gjorde anna lett arbeid. Stein og stugarbeid ville han aldri ha noko med. Elles heldt han seg med mykje øl og god mat og åt reine gjestebodskosten både til kvardags og helg.

Han blei verkeleg avretta i 1689. Kva for brotsverk dette var for veit vi ikkje. Av M.B.Landstad blir han i "Gamle sagn om Hjartdølerne" urettvist skulda for å ha drepe ein av Lars Lind-sønene, og i tradisjonen her i bygdene har vi følgande historie om han:

Ein gong Mons satt på Øvstebø og

drakk i eit gjestebod, så kom han i snakk med ein som heitte Halvor Nuvre (Nuvre var verkeleg ein plass under Krosshus, men ikkje før i seinare tid). Dei var noko tilårskorne begge to, for da dei etterkvart blei fulle, tok dei til å prate om gamle dagar. Halvor sa til Mons: "Ja, me har vore goe gitar sammen. Me har drokkje mangt eit rus ihop, o me har og gjort mykje vondt ihop, me har hora ihop og me har drepe ihop." På dette reagerte Mons med å bli sint

og det enda med at han slo Halvor ihel. Det blei sagt at blodet var synleg over døra så lenge den gamle stugu på Øvstebøhaugen sto.

Etter dette var det Mons blei dømt av med livet og vart halshoggen på rettarstaden ved den gamle alfarvegen på Øvstebøhaugen.

## DEN GAMLE POSTMANNEN

*O.J.Rue frå Tuddal skreiv eingong i 1950 eller 60-åra eit stykke i "Telen" om post-beringa frå Sauland til Tuddal i gamle dagar. Her kjem eit utdrag som gjev ei stemnings-full skildring av turen oppover den gamle Tuddalsvegen:*

Ein skoddekveld for eit halvt hundrad år sidan:

- Inne på posthuset i Sauland stod den gamle postmannen okslelut og grå i skjegget og pakka blad og brevbunkar i

den vervåte skreppa si. Glytte ut og stappa nedatt i skreppa att for å få rom. Ho vart gjerne trong over okslene slik ende fyre jol. Snøkor spruta mot glaset. - Skrimslat tettna i romet:

- Du kan ikkje på Dalen i slikt eitt ver, Anders, vart det sagt, då han oksla seg gjennom døri og snøyret slog inn. Vinden dunde ut i dei store bjørkene.

- Å, eg må nok prøve, no som eg skal få fram joleposten.

Dei stod og stirde etter honom.

Snøflugsune sette seg tett over vadmål-sryggen då han pusla og vreid på seg vidjebindingane med arbeidskrøkte fingrar. So hyfste han i skreppa, triva etter bjørkestaven, og grov seg litt etter kvart avgarde i uversfloret på dei tjørubrødde furuskiene. -Han hadde på treje mili å gå. Tett innpå halvfemte bae vegane.

Heksfjell og Kleppfjellet sveipte seg i fotside snødrevkappor. På Bø-gardane rauk det av hustaki. Uppved Kasin og Åsen sjoda og taut det gjennom skogen, og då han for framum Maurebrekke og Bekkhus var lampa tend. Røyvde det seg ein skugge atti øvste vegsvingen. So gløypte storskogen på Tuddalsdalen den gamle postmannen.

- Skog - skog. Eitt hav av skog under snøhimlen. Vegene ein moldvarpgang under bartaket, der snøflugsune sleiva og kveldsmyrkret voks. Høgt uppe - fjernt sóg av hardver mot fjell, djupt nede Skogså's svenuge vintersus.

Det isa under skiene. Glidet var burte og stegi vart stutte. Han stogga som snøggast ved "Gjestgjevaren". Tok nedi eitt par gonger og saup kjeldevatn utor loven. Og seig vidare -

- Framum plassanes venlege lampeljos-rekkje: - Bakken, Sjukebakken, Jonskås, Stålan og Dalen - alle med framhavde jolevedlåner og piperøyk upp i gråveret. Etter å ha fare framum Stavåsan's fråflutte kve, lagde den gamle postmannen Langebrekkones einsarta utoverhall bak seg. Nåde bruene og vekttest av vatn's halvkjøvde gulp under is, såg seg til leds ved det mosgråe kvernhuset, amrast att med motbakken upp imot furufloene, til han

fekk låten or Ørneholssluket hard innpå seg.

Langt um lengje opna Moengrenna seg med nye lampebluss - Kasin og Nedmoen, Uppmoen og Haugen. Atter stod eitt ljosskjær og gjorde det heimelognt kring den tilsnødde mannen. Det svara i husveggjene når bjørkestaven hogg seg forbi.

Men enno var han ikkje halvvegskomen. Framum honom lyfte Kleivsfjell ein snøflekktut mur opp i drivskodda og skogen bruste grovmælt over bratthamrar og bjørnelende.

- Hu-bror! - Hu-bror! sa det uppi der. - Hu-bror! svara stynjuven i Bodik, fjernt burtefrå. Det var som ropa dei umkapp ned til den gamle postmannen på dei tilisa skiene og med dei djupe søkki i okslene etter skreppereim-ane. Og den gamle stana og strauk vérisen or skjegget. Krøkte so den stivfrosne lóvot-

ten til nytt tak kring bjørkestaven og ok seg nordetter dalglopet ved Raundalen og Sønderlandsvatn.



# ANDRE HISTORISKE PUNKT

-Den siste ulvehistorien frå distriktet er visstnok frå plassen Åsen, der nokre geiter vart tekne av ulv. Tidspunktet er ukjent. (Olav Suistugu Bøe)

-Det blir fortalt at "Mor Sissel", kona til presten Lars Lind, på sine gamle dagar var svært fattig, og at ho budde i ei lita tømmerstugu i Langebrek-kene, omlag der Øvstebø har hytte. Plassen heiter derfor "Sisseltømra". (Jon Bentsrud)

-Den bratte brekka frå Slåkja og opp til Mellombøe-jordet er ein gammal ålmannsveg mot Sauland. I Slåkja var altså eit viktig vegkryss mellom vegen til Gransherad og vegen til Sauland og Hjartdal.

-Da dei byrja å ta ut grus i Bøe-grustaket etter krigen var det rester av kjellarar og truleg av graver på den haugen. Det blei ikkje organisert noko utgravingsarbeid, og mykje verdifullt historisk materiale blei nok øydelagt da. Men noko blei teke vare på og sendt til oldsakssamlinga. Ein kunne finne pilspissar i veggrusen oppover Tuddalsvegen i den tida vegvesenet henta grus i byrjinga av Bøe-grustaket. (Jon Bentsrud)

-Bjørgulf Bøe som visstnok har budd på gamle Øvstebø eller ein av dei nedre Bøegardane, er kjent frå Landstads

segner om Hjartdølane. Det har blitt sagt at han var med under bergverkskonflikten i Ambjørndalen, og at han var ein av dei hovedmennene som vart dømde til å halshoggast. Visstnok var det han som tok på seg oppdraget å vere bøddel, for med det åredde sitt eige liv. (Desse tinga har nok lite med sanninga å gjere)

-Det har skjedd eit drap nede i Slåkja. Der tok ein som budde på Vestafe' livet av ei jente som blei kalla "Spronsa". Dette skjedde på Bøe-sida av elva like ved brua over Skogså. Det blei også sagt at han kasta henne i elva. Seinare rømde visst mannen til Nordland.

Same kveld som drapet skjedde, var det dans på Omnes, og mordaren dansa der lenge, men så kom det fram kva som hadde hendt, og det var da han måtte rømme. (Dette med dansen etter drapet er truleg ei vandrehistorie, dvs. ein variant av ei historie som også går andre stader i landet.)

Seinare kom visst drapsmannen attende til Sauland og hadde anlagt heilskjegg. På plassen Heivorsdokka på Skjotmoen blei han likevel attkjend av ei gammal kone som heitte Torgun. (Halvor Mosebø)

# FOLKETELJINGSLISTE FRÅ 1865

Vi tek med ei liste over dei som budde i dette området i 1865.

Av plassmangel har vi ikkje med alle opplysningane som finst i originalistene.

M = mann  
K = kvinne

(Talet er alderen på personen)

Forkortingar:

G = gift  
UG = ugift  
E = enke  
EM = enkemann

(Det blei også foretatt folketeljing i 1875. Da var det også folk på Hyttun, ein plass som tilhørde øvre Leine og låg ved elva nedunder Langebrekkun. Der budde treskomaker og husmann Hans Halvorsen f.1823 med søstera Anne f. 1832.)

## KLEPPEN

MATHIAS MATHIASEN	GARDBR.UGER LENSMANN	G	M 51
ANLAUG TORGRIMSDR	KONE	G	K 43
OLE MATHIASEN	SØNN	UG	M 19
TORGRIM MATHIASEN	SØNN	UG	M 17
JOHN MATHIASEN	SØNN	UG	M 15
HANS MATHIASEN	SØNN	UG	M 10
MATHIAS MATHIASEN	SØNN	UG	M 03
ANNE MATHIASDTR	DATTER	UG	K 12
THONE MATHIASDTR.	DATTER	UG	K 07
TORJER TORJERSEN	TJENESTEKLAR	UG	M 34
TORBJØRN OLSEN	TJENESTEKLAR	UG	M 27
JOHN JOHNSEN	TJENESTEKLAR	UG	M 20
SIGNE NERISDTR.	TJENESTEPIGE	UG	K 25
GUNNILD NERISDTR.	TJENESTEPIGE	UG	K 21
ASLAUG OLSDTR.	TJENESTEPIGE	UG	K 18

## VERKET

ANDRES INGEBREGTSEN	LOGERENDE	UG	M 50
ASLAUG JOHANNESDTR.	LOGERENDE	UG	K 28

## KLEPPEHAGEN

JOHANNES OLSEN	LEILENDING	G	M 28
ELISE SCHARLOTE AMALIE	KONE	G	K 23

<i>TOMINE FINKENHAGEN</i>	<i>PENSJONIST</i>	<i>E</i>	<i>K 64</i>
<i>ELISE OLSEN</i>	<i>DATTER</i>		<i>UG K 02</i>
<i>ASLAUG HALVORSDTR.</i>	<i>PLEIEDATTER</i>		<i>UG K 19</i>

### **SÆLEBODSMOEN 1**

<i>HALVOR KITTILSEN</i>	<i>HUSMANN MED JORD</i>		<i>G M 32</i>
<i>ANNE KNUDSDATTER</i>	<i>KONE</i>		<i>G K 33</i>
<i>KITTIL HALVORSEN</i>	<i>SØNN</i>		<i>UG M 07</i>
<i>AASTE HALVORSDTR.</i>	<i>DATTER</i>		<i>UG K 04</i>
<i>ANNE HALVORSDTR.</i>	<i>DATTER</i>		<i>UG K 02</i>

### **SÆLEBODSMOEN 2**

<i>HALVOR OLSEN</i>	<i>HUSMANN MED JORD</i>		<i>G M 48</i>
<i>THONE HARALDSDTR.</i>	<i>KONE</i>		<i>G K 47</i>
<i>KARI OLSDATTER</i>	<i>PLEIEDATTER</i>		<i>UG K 08</i>

### **SÆLEBODSMOEN 3**

<i>OLE OLSEN</i>	<i>HUSMANN MED JORD</i>		<i>G M 45</i>
<i>LIV OLSDTR.</i>	<i>KONE</i>	<i>G</i>	<i>K 55</i>
<i>OLE OLSEN</i>	<i>SØNN</i>		<i>UG M 05</i>
<i>GUNHILD JOHNSDTR.</i>	<i>PLEIEDATTER</i>		<i>UG K 16</i>

### **SÆLEBODSMOEN 4**

<i>LIV HALVORSDTR.</i>	<i>HUSM.ENKE M.JORD</i>		<i>E K 75</i>
<i>GUNNILD OLSDTR.</i>	<i>DATTER</i>		<i>UG K 31</i>
<i>OLE JOHANNESSEN</i>	<i>PLEIESØNN</i>		<i>UG M 10</i>
<i>HALVOR OLSEN</i>	<i>LOGERENDE</i>		<i>UG M 55</i>

### **SÆLEBODSMOEN 5**

<i>ANNE OLSDTR</i>	<i>HUSM.ENKE M.JORD</i>		<i>E K 38</i>
<i>ANNE AASMUNDSDTR. ?</i>	<i>DATTER</i>		<i>UG K 16</i>
<i>MARGIT AASMUNDSDTR. ?</i>	<i>DATTER</i>		<i>UG K 13</i>
<i>GUNHILD AASMUNDSDTR.</i>	<i>DATTER</i>		<i>UG K 10</i>
<i>INGEBORG AASMUNDSDTR</i>	<i>DATTER</i>		<i>UG K 07</i>

### **FLEKKERØEN**

<i>BJØRN TORJERSEN</i>	<i>HUSMAND MED JORD</i>		<i>G M 50</i>
<i>ANNE</i>	<i>KONE</i>		<i>G K 74</i>
<i>BJØRN BJØRNSEN</i>	<i>SØNN BR.PLADSEN</i>		<i>G M 34</i>
<i>ANNE PAULSDTR.</i>	<i>KONE</i>		<i>G K 35</i>
<i>KARI BJØRNSDTR.</i>	<i>DATTER</i>		<i>UG K 08</i>
<i>INGEBORG BJØRNSDTR.</i>	<i>DATTER</i>		<i>UG K 03</i>
<i>ANNE BJØRNSDTR.</i>	<i>DATTER</i>	<i>UG</i>	<i>K 02</i>

## **DOKKA**

<i>KITTEL NERISEN</i>	<i>HUSMAND M.JORD</i>	<i>G</i>	<i>M 47</i>
<i>HELGA HALVORSDTR.</i>	<i>KONE</i>	<i>G</i>	<i>K 35</i>
<i>OLE KITTELSEN</i>	<i>SØNN</i>	<i>UG</i>	<i>M 09</i>
<i>BERGIT KITTELSDTR.</i>	<i>DATTER</i>	<i>UG</i>	<i>K 07</i>
<i>HALVOR KITTELSEN</i>	<i>SØNN</i>	<i>UG</i>	<i>M 03</i>
<i>NERI KITTELSEN</i>	<i>SØNN</i>	<i>UG</i>	<i>M 01</i>

## **BØ ØVRE**

<i>CHRISTIAN HANSEN</i>	<i>LODBRUGER</i>	<i>G</i>	<i>M 32</i>
<i>GUNNIL THORS DTR.</i>	<i>KONE</i>	<i>G</i>	<i>K 46</i>
<i>KJERSTI AUMUNSDTR.</i>	<i>TJENESTEPIGE</i>	<i>UG</i>	<i>K 27</i>

## **KASIN**

<i>GULLIK GULLIKSEN</i>	<i>HUSMAND M.JORD</i>	<i>UG</i>	<i>M 45</i>
<i>GUNNELD HALVORS DTR.</i>	<i>TJENESTEPIGE</i>	<i>UG</i>	<i>K 25</i>
<i>MARGITH KITTELSDTR.</i>	<i>LOGERENDE</i>	<i>UG</i>	<i>K 31</i>

## **STAALEN**

<i>REIER JOHNSEN</i>	<i>HUSMAND MED JORD</i>	<i>G</i>	<i>M 27</i>
<i>GUNNILD SVENNUMSDTR.</i>	<i>KONE</i>	<i>G</i>	<i>K 33</i>
<i>JOHN REIERSEN</i>	<i>SØNN</i>	<i>UG</i>	<i>M 01</i>
<i>MARGITH KITTELSDTR.</i>	<i>LOGERENDE</i>	<i>UG</i>	<i>K 42</i>

## **BEKKHUS**

<i>OLE JOHNSEN</i>	<i>SELVEIER</i>	<i>EM</i>	<i>M 64</i>
<i>JOHN OLSEN</i>	<i>SØNN</i>	<i>UG</i>	<i>M 26</i>
<i>JOHN HANSEN</i>	<i>LODBRUGER</i>	<i>G</i>	<i>M 36</i>
<i>AASTE OLESDTR.</i>	<i>KONE</i>	<i>G</i>	<i>K 31</i>
<i>HANS JOHNSEN</i>	<i>SØNN</i>	<i>UG</i>	<i>M 03</i>

## **BØ MELLE**

<i>OLE TORJERSEN</i>	<i>LODBRUGER</i>	<i>G</i>	<i>M 52</i>
<i>HELGE JOHNSDTR.</i>	<i>KONE</i>	<i>G</i>	<i>K 44</i>
<i>OLE OLSEN</i>	<i>SØNN</i>	<i>UG</i>	<i>M 15</i>
<i>ANNE OLS DTR.</i>	<i>DATTER</i>	<i>UG</i>	<i>K 17</i>
<i>HELGA OLS DTR.</i>	<i>DATTER</i>	<i>UG</i>	<i>K 13</i>
<i>SIGNE OLS DTR.</i>	<i>DATTER</i>	<i>UG</i>	<i>K 05</i>
<i>ANDRES THORSEN</i>	<i>TJENESTEKARL</i>	<i>UG</i>	<i>M 24</i>

## AASEN

ASLAUG OLSDTR.	HUSM.KONE M.JORD	E	K 54
OLE JOHNSEN	SØNN	UG	M 14
ANDRES JOHNSEN	SØNN	UG	M10

## MAURBRÆKKE

---

## STAVAASEN

JOHANNES JOHNSEN	HUSMAND MED JORD	UG	M 50
------------------	------------------	----	------

## BØ SØNDRE

JOHANNES JOHNSEN	SELVEIER GAARDBR.	G	M 35
SIGNE OLES DTR.	KONE	G	K 26
THONE OLS DTR.	STEDDATTER	UG	K 09
OLE JOHANNESSEN	SØNN	UG	M 05
THONE OLS DTR.	DATTER	UG	K 04
HELGA HANS DTR.	TJENESTEPIGE	UG	K 19

## BAKKENE

HALVOR JOHNSEN	HUSMAND MED JORD	G	M 71
BERGITH ELLINGS DTR.	KONE	G	K 61
JOHN HALVORSEN	SØNN, BR. PLADSEN	G	M 38
LIV SVENDS DTR.	KONE	G	K 38
MARGITH JOHNS DTR.	DATTER	UG	K 10
HALVOR JOHNSEN	SØNN	UG	M 07
OLE JOHNSEN	SØNN	UG	M 04

## SYGEBAKKE

JOHN OLSEN	HUSMAND MED JORD	G	M 40
KARI KITTELS DTR.	KONE	G	K 35
SIGNE MATHIAS DTR.	PLEIEDATTER	UG	K 14

## BØ NORDRE

KITTIL TORBJØRNSSEN	SELVEIER GAARDBR.	G	M 67
GUNNILD KITTILS DTR.	KONE	G	K 51
GULLIK KITTILSEN	SØNN HJ.MED GAARD.	UG	M 25
KITTIL KITTILSEN	SØNN HJ.MED GAARD.	UG	M 17
CHAL KITTILSEN	SØNN	UG	M 14
ANLAUG KITTILS DTR.	DATTER	UG	K 20

GUNHILD KITTILSDTR.  
ASLAUG KITTILSDTR.

DATTER  
DATTER

UG K 10  
UG K 08

### JONSKAAS

ANDRES THORSEN

HUSMAND M.JORD

EM M 79

### DALEN

GUNNIL HØLJESDTR.  
OLE TORJUSEN  
HØLJE TORJUSEN  
MARGITH TORJUSDTR.  
GUNNILD TORJUSDTR.  
TONE TORJUSDTR.

HUSM.KONE M.JORD  
SØNN HJ.MED BRUG.  
SØNN  
DATTER  
DATTER  
DATTER

E K 46  
UG M 21  
UG M 13  
UG K 10  
UG K 16  
UG K 08

### HAUGHUS

JOHN KITTILSEN  
INGEBORG TORBJØRNSDT  
ASLAUG JOHNSDTR.  
KITTEL JOHNSEN  
AASTE TARALSDTR.

SELVEIER  
KONE  
DATTER  
SØNN  
FØDERÅDSKONE

G M 57  
G K 47  
UG K 23  
UG M 09  
E K 80

---

## NOKRE STATISTISKE OPPLYSNINGAR :

### PERSONAR:

Innbyggjarar totalt: 117  
Gj.snittsalder (år): 27  
Kvinner: 63  
Menn: 54  
Personar under 16 år: 46  
Personar over 67 år: 6  
Ugifte 70  
Gifte 36  
Enker 6  
Enkemenn 2  
Tenestefolk 10  
Losjerende 5  
Leiglendingsfamiliar 1  
Husmannsfamiliar 17  
Sjøleigarfamiliar 5  
Lodbrukarfamiliar 3

### DYR (stk) OG UTSÆD (tønner):

Hestar 12  
Storkveg 98  
Sauer 115  
Geiter 51  
Svin 7  
Kveite 5  
Rug 2  
Bygg 38  
Havre 37  
Poteter 61

(Opplysningar om dyr og utsæd for kvart bruk står i originalistene, men har ikkje fått plass her.)